



Arvid Villanger  
Rossnesvegen 414  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3769 - 23/60292

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
28.07.2023

## **Oversending av klage på avslag på søknad om godkjenning av vald - gbnr. 418/9 og 6, 418/19, 418/30, Villanger.**

Alver kommune har gjeve avslag på søknad om godkjenning av vald på gbnr. 418/9 og 6, 418/19, 418/30, Villanger. Avslag er gjort på bakgrunn av søknad datert 25.04.2023. Søknad blei supplert med oppdaterte underskrifter frå jaktrettshavarane mottatt 04.06.2023.

Vedtaket om avslag går fram av vedlegg. Ref. 22/3769 – 23/56945 datert 06.07.2023.

I brev datert 16.07.2023, påklagar Arvid Villanger avslaget om godkjenning av vald. Klaga er motteke innanfor klagefristen.

### **Klagen sitt innhald**

Klagen fokuserer på at kommunen i handsaming av saka har vurdert utifrå alle teigar inkludert i gbnr. 418/9 og 6, 418/19, 418/30 skal vere del av hjortevalda. I søknad vert kunn søkt om å opprette hjortevald på dei teigar som ligger samanhengande. Klagar meiner at det er ei feiltolking frå kommunens si side når teigar som ikkje er inkludert i søknad vert lagt til grunn for at areal ikkje er samanhengande.

### **Kommunen si vurdering**

I klagen frå grunneigar er der ikkje komen fram ny informasjon som gjer at kommunen vil endra sitt opprindelege vedtak. Kommunen meiner at alle teigar under dei impliserte gardsbruk skal danne utgangspunkt for vurderinga av om eit hjortevald er samanhengande.

Dei to «problemteigar» mot nordvest, som kommunen vurderer forårsakar at hjortevalda ikkje er samanhengande, er i brorparten registrert som «skog inkl. myr, høy bonitet» i gardskart/markslag (AR5) 13 klasser. Heile areala av dei to teigar vil ku bli inkludert i eit teljande areal for hjort.

Oppbygginga av eigedom- og teigstruktur på Radøy er komplisert. Kommunen vurderer det for ikkje mogleg å dele inn hjortevalda heilt ned på teig nivå, korfor kommunen vurderer utifrå samla areal (alle teigar) på gardsbruk nivå.

